



Klara Bakke og Jofrid Eik er klar for nytt loddsal i morgon ved SPAR. Kaffi og vaffel er gratis.

Uskedal Helselag er i innspurten til den årlege helselagsbasaren på søndag kl. 16 i Helgheim. Så langt har loddsalet gått strykande, men det er frammøte og innsatsen på sjølve basaren som er avgjerande for kva sluttsummen vert av innsamla midlar. Målet er å slå rekorden frå 2018 då resultatet stoppa på knappe 44.000,-

Uskedal helselag vil selja lodd ved SPAR i morgon, laurdag 6. april, mellom kl. 10.30 og 15.00. Gevinstlista syner at 30 firma frå heile kommunen har synt positiv interesse og støttar det store og verdfulle arbeidet helselaget gjer for å fremja ei god helse.

Om lag halvparten av alle på gåvelista er firma og verksemdar frå andre bygder. Den andre halvparten er trugne samabeidspartar og støttesplearar i Uskedalen.

Kva med ei gåveeske frå Vitus Apotek, Bergans tursekk frå Sport i Husnes, spekepølse frå Friheim Gardsmat, vaskepakke frå Auto 88, arbeidslys frå Power Husnes, boka 51 veteranbåtar frå Harald Sætre og mykje, mykje meir. Eller kva med ein traktor med tømmervogn som leike til born frå Felleskjøpet.

Uskedalen.no oppmdar alle om å støtta godt opp om Uskedal helselag sin basar. Det kan du gjera ved å ta lodd ved SPAR i morgon eller møta fram i Helgheim søndag kl. 16.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal